

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**
Møtestad: Feltstasjonen, Norsk Bremuseum, Fjærland
Dato: 08.05.2012
Tidspunkt: 10:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltaren på tlf. 93 66 42 56.
Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Vel møtt til Fjærland!

Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|---|-------|--------------|
| ST 15/12 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 16/12 | Val av to personar for underskriving av protokoll frå førra styremøte | | |
| ST 17/12 | Orienteringssakar | | |
| ST 18/12 | Tilbaketrekkning av rammeløyve for oppføring av sel på Sunndalssetra | | 2011/2138 |
| ST 19/12 | Jostedalsbreen nasjonalpark - framlegg til fordeling av tiltaksmidlar | | 2011/4757 |
| ST 20/12 | Jubileumsmarkering i Jostedalen - 20 år sidan opninga av nasjonalparken | | 2012/1607 |
| ST 21/12 | Løyving av midlar til formidling av verdiar i Jostedalsbreen nasjonalpark | | 2012/1815 |
| ST 22/12 | Jostedalsbreen nasjonalpark - tilleggsløyving til gjenoppbygging av bru i Sunndalen | | 2011/4383 |
| ST 23/12 | Jostedalsbreen nasjonalpark - løyving til oppsetting av portal i Briksdalen | | 2012/2081 |
| ST 24/12 | Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til gjenoppbygging av bru, helikoptertransport av material og løyving av midlar til tiltak. | | 2012/1931 |
| ST 25/12 | Eventuelt | | |

ST 15/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Arkivsaksnr: 2011/2138-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 03.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 16/12 | 08.05.2012 |

Tilbaketrekking av rammeløyve for oppføring av sel på Sunndalssetra

Innstilling fra nasjonalparkforvaltar

På bakgrunn av ny informasjon framkomma i innsendt klage datert den 8.12.2011 gjer nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

Med heimel i forvaltningslova si § 33, andre ledd, opphevar Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtak gjeldande rammeløyve for oppsetting av sel på Sunndalssetra i sak nr 45/2011, gjort i styremøte den 25. oktober 2011. Opphevinga av vedtaket vert gjort på bakgrunn av ny informasjon framkomma i klagebrev datert den 8.12.2011.

Ny søknad vert ikkje handsama før alle privatrettslege tilhøve er avklart mellom Dag Hjelle og Sunndalssetra sameige. Styret vil oppmode Dag Hjelle til å legge ved fullstendige teikningar av selet ved ev innsending av ny søknad.

Saksopplysninger

Dokument i saka

- Klage frå Anders Folven på vegner av Reiel Folven datert den 8.12.2011.
- Rammeløyve frå Jostedalsbreen nasjonalpark vedteke den 25.10.2011.
- Telefonsamtale med leiar i Sunndalssetra sameige Sverre Guddal.

Bakgrunn

Dag Hjelle søkte den 26.04.2011 om løyve til oppsetting av eit sel på Sunndalssetra. I søknaden vert det skissert fire ulike alternativ for plassering av eit nytt sel, og søker ønskja primært alternativ 4. Han er eigar av bruk nr 17/2 i Hjelldalen, og har i utgangspunktet rett til å føre opp eit sel og/eller fjøs på Sunndalssetra. Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen opnar for at dei som

har gamle rettar for oppføring av stølshus i all hovudsak kan få løyve etter verneforskrifta til å sette opp eit bygg etter tradisjonell byggestil.

Tidlegare fungerande sekretær for nasjonalparkstyret, Tom Dybwad, var på synfaring sommaren 2011 på Sunndalssetra med søkjar og representantar for kulturminnesforvaltninga frå Fylkeskommunen. Etter kulturminnesfaglege vurderingar på setervollen anbefalte Fylkeskommunen plassering av eit ev nytt sel på alternativ 2.

På synfaringa den 6. juni 2011 opplyste Dag Hjelle at han ikkje hadde sel på Sunndalssetra på det dåverande tidspunktet, og ikkje hadde rettar i noko sel som står der på det dåverande tidspunkt.

Nasjonalparkstyret handsama søknaden den 25. oktober 2011. Innstillinga frå nasjonalparkforvaltar var å følgje dei kulturminnesfaglege vurderingane frå Fylkeskommunen, altså alternativ 2. Nasjonalparkstyret vedtok, etter å ha blitt framlagt ny informasjon under møtet om at Sunndalssetra sameige samstemmig gikk inn for alternativ 4, å vedta eit rammeløyve til Dag Hjelle for oppsetting av sel på alternativ 4.

Meir bakgrunnsinformasjon om saka er å finne i vedlegga.

Lovgrunnlag

- Forvaltningslova

Ved oppheving av eige vedtak der nasjonalparkstyret er førsteinstans, er heimelen forvaltningslova § 33 andre ledd:

”Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. (...)"

I saka gjeldande oppsettinga av sel på Sunndalssetra er det forhold som tyder på at saka ikkje var forsvarleg opplyst før det vart gjort vedtak, jf. forvaltningslova § 17.

Det kan ikkje utelukkast at feilen kan ha virka inn på resultatet i saka, jf. § 41.

Klagebrevet

Anders Folven klager på vegner av sin far, Reiel Folven, i brev datert den 8.12.2011. Folven er med i Sunndalssetra sameige og har dermed rettslig klageinteresse i saka. Klaga var sendt før utløpet av klagefristen på tre veker etter at vedtaket vart sendt ut den 18.11.2011.

Det er fleire hove Reiel Folven tar opp i klagebrevet sitt:

1. Eg finn det ikkje rett å tillate dette bygget fordi vilkåra for bygging ikkje ligg føre.
2. Det er uriktig at Dag Hjelle ikkje har sel på setra. Og dersom hans tidlegare seterhus er avhenda til ein som ikkje har seterrett, så kan han ikkje krevje ny rett til seterhus.
3. Eg meiner dessutan at det er gjort saksbehandlingsfeil hos Nasjonalparkstyret når det gjeld plasseringa. Rapporten nemner ikkje at det har vore ein arkeolog på synfaring, som anbefalte plassering av nytt sel på andre tufter enn den plasseringa Nasjonalparkstyret har vedteke.
4. Nok eit grunnlag for å omgjøre vedtaket fra Nasjonalparkstyret si side er at den Etnologiske feltarbeidrapporten det vert vist til er rein registrering. Den er underlagt Fylkeskommunen sin vurdering, og seier ikkje noko om verdier på setra.
5. Etter at Fylkeskommunen er komen med si anbefaling er det ikkje lenger samstemmighet i sameiet.

6. Det er opplyst at Kulturavdelinga i Stryn kommune også akter å forfølge vedtaket ut frå bestemmelser i Plan- og bygningslova.
7. Vi ber derfor Fylkeskommunen om å iverksette lovlighetskontroll.

Vurdering

Hovedkjernen i klaga ligg i setning 1 og 2, der Folven meiner at Dag Hjelle allereie har eit sel på setervollen, men at det har vore avhenda eller selt til nokon andre som ikkje har seterrett i området.

I setning 3 vert det hevda sakshandsamingsfeil. Det er ikkje vurdert rett av juristane på Statens hus å oppheve eit vedtak på det omtalte grunnlaget. I saksutgreiinga som grunnlag for vedtaket av rammeløyvet er det nemnt at Fylkeskommunen var med på synfaring, med kulturminnesfagleg kompetanse. Denne kompetansen bestod av både arkeolog og sakshandsamar.

I setning 4 er det påpekt at rapporten Etnologisk felter arbeid, som vart vist til under styremøtet den 25. oktober som grunnlag for å vedta alternativ 4, er ein rein registrering. Det vil sekretariatet si seg samd i, etter å ha lest rapporten grundig. Den seier ikkje noko om verdiane eller alderen på dei ulike tuftene, som også vart hevda under det nemnte styremøtet.

I setning 5 kjem det fram at sameiget ikkje er samstemmige. Under nemnte styremøte vart styret framlagt eit dokument med underskriftene på ein rekke medlemmer i sameiget. Reiel Folven er medlem i sameiget og er ikkje samd i plasseringa av selet. Nasjonalparkstyret gjorde sitt vedtak i stor grad på bakgrunn av tilsynelatande samstemmigkeit i sameiget.

I setning 5 vert det vist til myndet Stryn kommune har etter plan- og bygningslova (pbl). Stryn kommune handsamar søknadar om oppsetting av nye bygg etter pbl, og tar avgjersler heilt uavhengig av nasjonalparkstyret. Men verneforskrifta for nasjonalparken er strengare enn pbl, og difor må styret handsame søknad om oppsetting av bygg først, deretter må Dag Hjelle søkje kommunen om løyve etter andre lovverk. Stryn kan likevel ikkje forfølgje eit vedtak styret har gjort, med mindre dei klagar, på lik linje med andre som har rettsleg klageinteresse. Det har Stryn kommune ikkje gjort i denne saka.

Dersom det viser seg at Dag Hjelle har hatt rett på eit sel som han har avhenda til nokon utan stølsrett, for deretter å byggje seg eit nytt og meir moderne bygg, vil det juridiske grunnlaget for rammeløyvet falle vekk. Styreleiar i Sunndalssetra sameige, Sverre Guddal, opplyser om at sameiget heller ikkje ønskjer å gå inn på ein slik praksis.

På grunnlag av informasjon framkomma i klaga gjeldande privatrettslege førehald på Sunndalssetra synes oppheving av det eksisterande rammeløyvet, i påvente av at saka blir fullstendig opplyst og dei privatrettslege høva avklart, derfor som ei føremålstenleg løysing.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvalningslova si § 28. Klaga skal vere sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Arkivsaksnr: 2011/4757-0

Saksbehandler: Maria C. Knagenhjelm

Dato: 04.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 17/12 | 08.05.2012 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - framlegg til fordeling av tiltaksmidlar

Innstilling frå forvaltar:

Oversikt over tildelte midlar til forvaltning av Jostedalsbreen nasjonalpark vert lagt fram i styremøtet.

Saksopplysninger

Dokument i saka:

- Løyvingsbrev frå Direktoratet for naturforvaltning, om midlar til forvaltning av nasjonalparkar og tilhøyrande verneområdet, datert den 14.03.2012
- Forvaltingsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

Vurdering

Midlane som er tildelt frå Direktoratet for naturforvaltning til forvaltning av verneområde er løyvd for 2012, og kan ikkje overførast til neste år. Dei må difor nyttast fullt ut, elles vert dei trekt tilbake for redistribuering over statsbudsjettet for 2013.

Jostedalsbreen nasjonalpark har fått tildelt kr. 200 000,- i tiltaksmidlar på bakgrunn av storleiken til verneområdet, og midlane skal nyttast i samsvar med forvaltningsplanen. Tiltaksmidlane disponerast av styret.

Nasjonalparken har også fått kr. 640 000 via SNO sin bestillingdialog. Disse midlane er bunde opp i dei allereie omsøkte tiltaka, og kan ikkje nyttast til andre føremål.

Detaljert oversikt av tildelinga vert lagt fram i styremøtet. Forvaltar legg fram saka til diskusjon og fordeling.

Arkivsaksnr: 2012/1607-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 03.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|------------|------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 18/12 | 08.05.2012 |

Jubileumsmarkering i Jostedalen - 20 år sidan opninga av nasjonalparken

Innstilling frå nasjonalparkforvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre arrangerer eit kveldsseminar på Jostedal hotell fredag den 15. juni 2012 for å markere 20-årsjubileet for opninga av Jostedalsbreen nasjonalpark. Midlar til arrangementet vert dekka av post 1427.21 (drift utval).

Saksopplysninger

Den 16. juni 2012 er det 20 år sidan Jostedalsbreen nasjonalpark offisielt vart opna. Tidlegare styrevedtak har lagt opp til eitt eller fleire arrangement. På det konstituerande møtet i nasjonalparkstyret den 13. mars 2012 vart følgjande vedteke:

Styret ønskjer å markere den offisielle opninga av nasjonalparken, og gjerne i samarbeid med Brefestivalen i Jostedalen. Dato for Brefestivalen er 15. – 17. juni 2012. Sekretariatet tar kontakt med Brefestivalen og legg frem plan for arrangementet på neste styremøte.

Nasjonalparkforvaltaren har hatt møte med Brefestivalen og representantar frå Breheimssenteret, Luster kommune og breførarlaget i Jostedalen, og kommet fram til eit utkast for korleis jubileet kan markerast.

Vurdering

Det er vurdert som eit godt tiltak å nytte ressursar på eit ope arrangement for å spreie kunnskapen om nasjonalparken. Med eit kveldsseminar vil mange kunne ha interesse av å komme, både lokalt i Jostedalen og frå ein større region. Vi har lagt opp til to foredrag; eitt om historia til nasjonalparken (tilsvarende det som vart halde under jubileumsseminaret i haust i Oppstryn), og eitt om historiske vandringar over Jostedalsbreen. Her har vi fått stadfesta innleiar frå Høgskulen i Telemark.

Naturarvprosjektet i Luster kommune har løyvd kr 25 000,- til eit kunnskapsseminar under Brefestivalen. Nasjonalparkstyret og naturarvprosjektet vil såleis kunne dele på utgiftene i samband med arrangementet.

Arkivsaksnr: 2012/1815-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 03.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 19/12 | 08.05.2012 |

Løyving av midlar til formidling av verdiar i Jostedalsbreen nasjonalpark

Innstilling frå nasjonalparkforvaltar

På bakgrunn av innsendt søknad, lovgrunnlag og vurderingar gjer nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver kr 25 000,- til prosjektet Laurdagsturen, som er arrangert og organisert av Jostedalsbreen nasjonalparksenter.

Vilkåret er at nasjonalparksenteret skal formidle natur- og kulturverdiane i nasjonalparken, og at arrangementet er opent for publikum. Styret ønskjer også ein kortfatta rapport om kor mange som har delteke på laurdagsturen i løpet av sommarsesongen.

Midlane vert dekka av budsjettpost 14.27.01 (tiltaksmidlar).

Saksopplysninger

Dokument i saka

- Søknad med eitt vedlegg frå Jostedalsbreen nasjonalparksenter v/ Anne Kjos-Wenjum Armas datert den 14.04.2012.

Søknaden

Jostedalsbreen nasjonalparksenter søkte den 14.04.2012 om midlar til å drive naturvegleiing gjennom sommarsesongen. Frå den 30. juni og til den 4. august ønskjer dei å arrangere seks turar i tilknyting til nasjonalparken, med ulike tema og guidar kvar laurdag. Turane er frå tre til åtte timer, og tema spenner mellom botanikk, geologi og kulturhistorie. Guidane har førstehands kjennskap til det aktuelle tema, og alle guidane har tilknyting til området. Turane er opne for publikum.

Prosjektet har eit samla budsjett på kr 50 000,- og nasjonalparksenteret søker styret om halvparten.

Budsjett:

| | |
|--------------------------------------|-----------|
| Honorar turleiarar og adm. av turane | kr 20.000 |
| Annonsering | kr 16.000 |
| Naturstihefte | kr 4000 |
| Prosjektleiing | kr 10.000 |
| Sum | kr 50 000 |

Nasjonalparksenteret har i fleire år hatt tilbod til publikum om deltaking på laurdagsturar i sommarsesongen. Dei har tidlegare år søkt Direktoratet for naturforvaltning (DN) om prosjektstøtte til desse turane, men DN har ikkje denne prosjektstøtta tilgjengeleg for nasjonalparksentra lenger.

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter

- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentleg naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, også når det gjeld tilskotsforvaltning:

”Prinsippene i §§ 8 til 13 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvalningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eigedom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.”

(Vår understrekning)

§ 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 om føre-var-prinsippet:

Det omsøkte tiltaket vil formidle naturverdiar til eit opent publikum gjennom turar i og i randsona av nasjonalparken. Det er eit godt tiltak for spreie kunnskapen om verneverdiane.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Ikkje relevant i det omsøkte tiltaket.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Ikkje relevant i det omsøkte tiltaket.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Eitt av føremåla med nasjonalparken er friluftsliv, og det omsøkte tiltaket er positivt for å få folk med seg ut i naturen og for å formidle naturverdiane på en lite teknisk måte.

Andre vurderingar

Nasjonalparkforvaltaren har hatt dialog med DN for avklaring om ev dobbeltfinansiering av nasjonalparksentra. DN kunne opplyse om at sentra har i utgangspunktet lite driftsmidlar frå sentralt hald. Slike naturvegleiingsprosjekt som her, initiert av nasjonalparksenteret, er i utgangspunktet ”tilleggsaktivitetar” til den ordinære drifta som sentra får støtte til.

Ut frå ei samla vurdering er det omsøkte tiltaket viktig for å auke kunnskapen om natur- og verneverdiane i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er ikkje vurdert som dobbeltfinansiering av nasjonalparksenteret i Oppstryn ved løyving av midlar frå nasjonalparkstyret.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal vere sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Arkivsaksnr: 2011/4383-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 03.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 20/12 | 08.05.2012 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - tilleggsløyving til gjenoppbygging av bru er i Sunndalen

Innstilling frå nasjonalparkforvaltar

På bakgrunn av innsendt søknad, løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedteke i møte den 8. desember 2011 og telefonsamtale med søker gjer nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver inntil kr 20 000,- til Sunndalssetra sameige v/ Sverre Guddal for å dekke utgiftene med helikoptertransport av material til oppbygginga av bruene i Sunndalen. Dugnadsarbeid tilknytt oppsetting av bruene må sameiget i Sunndalen rekne som eigeninnsats.

Faktura for dei faktiske utgiftene for helikoptertransporten skal sendast nasjonalparkforvaltninga. Utgiftene vert dekka av budsjettpost 1427.01 (tiltaksmidlar).

Saksopplysninger

Dokument i saka

- Søknad frå Sunndalssetra sameige v/ leiar Sverre Guddal datert den 25. april 2012
- Løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedteke i møte den 8. desember 2011.
- Telefonsamtale med Sverre Guddal den 2. mai 2012.

Søknaden

Sunndalssetra sameige v/ Sverre Guddal søkte den 25. april 2012 om midlar til dekking av helikopterfrakt av brumaterial til Sunndalen. Søknaden skisserar ein kostnad mellom 17 000 og 20 000 for to-tre hiv med materialar inn dalen. I telefonsamtale med nasjonalparkforvaltar opplyser Sverre Guddal at Helikopterutleige as tar kr 10 000,- pr time og at dei reknar om lag ein og ein halv times flyging, i tillegg til tilflyging.

Flom sommaren 2011 øydet fire sentrale bruene i Sunndalen i Stryn kommune som er viktige for beite- og friluftsliv i området. Sameiget søkte om både midlar til oppbygging og løyve til helikopterfrakt, samt løyve til oppsetting av dei fire bruene i brev datert den 5. oktober 2011. Då fekk dei løyve til oppsetting av bruene og til helikoptertransport etter verneforskrifta. Dei søkte også om å dekke utgifter kostnadsrekna til kr 20 000,- til saman for material og helikoptertransport. På det dåverande tidspunktet søknaden vart handsama hadde Statens Naturoppsyn (SNO) Jostedalsbreen midlar igjen på budsjettet, og fakturaen på utgiftene til materialar på til saman kr 18 319,- vart dekka direkte av SNO. Helikoptertransporten vart utsett til våren 2012.

Søknaden no er såleis ei oppfølging av tidlegare søknad og løyve, og ein auka kostnadsramme på bruprosjektet. Sameiget stipulerar dugnadsarbeidet med tilflyging og oppsetting av bruene til om lag 50 timer på seks personar. Det kjem ikkje fram av søknaden om dei søker arbeidsinnsatsen dekka.

Vurdering

Det vart gjort grundige vurderinger i løyvet frå nasjonalparkstyret vedteke i møtet den 8. desember. Vi visar til vurderingane gjort etter naturmangfaldlova i løyvet, så lovgrunnlaget etter § 7 i naturmangfaldlova framleis er gyldig.

Dei fire bruene er viktige for både beitedyr og menneskjer i Sunndalen, for å oppretthalde kulturlandskapet og for friluftsaktivitet. Sameiget har allereie fått dekka dei direkte materialkostnadane med bruene på oppunder kr 20 000,- men vi vurderer det som rimeleg at dei også får dekka utgiftene med helikoptertransport av materialane.

Det var ikkje spesifisert om sameiget ønskjer eigeninnsatsen i tal arbeidstimar dekka, det var truleg opplyst om arbeidsmengda som generell informasjon i søknaden. Det er rimeleg at sameiget stiller med noko eigeninnsats i prosjektet, slik at dugnadsarbeidet med oppsettinga av bruene kan bli gjennomført. Grunneigarane har også eigeninteresse av at bruene vert satt opp.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal vere sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Arkivsaksnr: 2012/2081-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 04.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 21/12 | 08.05.2012 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyving til oppsetting av portal i Briksdalen

Innstilling fra nasjonalparkforvaltar

På bakgrunn av innsendt søknad, lovgrunnlag og vurderingar gjer nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver inntil kr 40 000,- til søkerane Oldedalen Skyss/Briksdalsbre Fjellstove for oppsetting av portal og informasjonspunkt ved innfallsporten til Briksdalsbreen. Det omsøkte tiltaket må plasserast utanfor grensa til nasjonalparken. Skiltmalen for Jostedalsbreen nasjonalpark må også nyttast på informasjonsskiltet.

Vilkåret er at nasjonalparkforvaltninga kan bli med i dialog om utforming av tiltaket, og at rekneskap vert sendt til forvaltninga. Midlane vert dekka av budsjettpost 14.27.01 (tiltaksmidlar).

Saksopplysninger

Dokument i saka

- Søknad frå Oldedalen Skyss v/ Jon Olav Kvamme og Briksdalsbre fjellstove v/ Per Briksdal datert den 30.04.2012.

Søknaden

Oldedalen Skyss v/ Jon Olav Kvamme og Briksdalsbre fjellstove v/ Per Briksdal søker om midlar til å lage ein portal inn til stien fram mot Briksdalsbreen. Søknaden er vedlagt bilete med plassering av tiltaket og ei skisse på korleis det kan sjå ut (sjå illustrasjon).



Kvamme og Briksdal skriv i søknaden at tiltaket er ønskja på denne innfallsporten til Briksdalsbreen for å gjere turen og opplevinga endå betre for dei mange besökande. Det kan være opptil 250 000 besökande til Briksdalsbreen på ein sommarsesong, noko som plasserer denne attraksjonen blant Noregs mest besøkte turistmål.

Vidare skriv søkerane at det er to tiltak som dei ønskjer i området:

1. Ein portal der gangstien inn til breen startar, med inskripsjon over :"Velkommen til Jostedalsbreen nasjonalpark". Turistane vil då få ei kjensle av at dei fysisk kryssar ei grense. Med Briksdalsbreen synleg i bakgrunnen vil dette vere eit populært fotomotiv, med stor reklameverdi. Sidene kan byggast opp av elvestein og formast som ei endemorene.
2. Ved sida av portalen er det aktuelt å lage ein rasteplass med informasjonstavle som inneheld bilete og fakta. Aktuell informasjon: storleik og utvikling av Briksdalsbreen, Jostedalsbreen nasjonalpark, Stryn som nasjonalparkkommune, bergarter, flora mm.

(Atle Nesje ved Universitetet i Bergen vil hjelpe oss med informasjon).

Søkjarane har kostnadsrekna heile tiltaket til kr 60 000,- Det er ikkje noko spesifisert detaljar i utrekninga av denne summen, men dei søker nasjonalparkstyret om medfinansiering av tiltaka. Det er heller ikkje opplyst om dei har søkt andre finansieringskjelder.

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter

- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlegenaturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde, også når det gjeld tilskotsforvaltning:

”Prinsippene i §§ 8 til 13 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eigedom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.”

(Vår understrekning)

§ 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 om føre-var-prinsippet:

Den omsøkte tilrettelegginga er best plassert utanfor grensa til nasjonalparken, slik at slitasje og tråkk ikkje vil kunne påverke verneverdiane innanfor grensa. Det omsøkte tiltaket med informasjonsplakat vil kunne formidle naturverdiar til eit stort tal besökande til nasjonalparken. Det er eit godt tiltak for spreie kunnskapen om verneverdiane, om utviklinga av Briksdalsbreen spesielt, om geologi og botanikk.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Ikkje relevant i det omsøkte tiltaket, så lenge gravinga og tilrettelegginga vil kunne gå føre seg utanfor nasjonalparkgrensa.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Ikkje relevant i det omsøkte tiltaket.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Eitt av føremåla med nasjonalparken er friluftsliv, og det omsøkte tiltaket er positivt for å få folk med seg ut i naturen og for å formidle naturverdiane med informasjon og opplevingsverdi på ein lite teknisk måte.

Andre vurderingar

Det er positivt med initiativ frå lokale næringsverksemder som Oldedalen Skyss og Briksdalsbre fjellstove, der ein kan få fokus på god tilrettelegging og høgare opplevingsverdi for besøkande til Jostedalsbreen nasjonalpark. Nasjonalparkforvaltninga må samarbeide med lokale næringsaktørar for å kunne formidle natur- og verneverdiar der turistane kjem.

Ein portal inn til eit verneområde er noko ein kan sjå meir brukt i utlandet enn i Noreg. Ved å legge vekt på lokal byggeskikk og ei ikkje altfor prangande utforming kan dette likevel bli noko som kan tilpassast landskapet på staden. Med naturlege material i byggverket og elvestein på kvar side utforma som endemorenar kan tiltaket føre til ei auka opplevingsverdi for dei mange tusen besøkande.

Kostnadsramma på kr 60 000,- er noko mangefull. Men ut i frå erfaring er det nok eit realistisk overslag på tiltaket. Det er viktig at eit slikt tiltak vert sjåande ordentleg ut og har høg kvalitet, slik at det kan stå i mange år. Dersom kostnadsramma vert sprengt, vil søkerane - i dialog med forvaltninga - ev kunne søkje om ytterlegare finansiering neste år.

Det er veldig positivt at søkerane inviterer styret/forvaltar til dialog i utforminga av innfallsporten.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal vere sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Arkivsaksnr: 2012/1931-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 04.05.2012

| Utvalg | Utvalgssak | Møtedato |
|----------------------------------|-------------------|-----------------|
| Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 22/12 | 08.05.2012 |

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til gjenoppbygging av bru, helikoptertransport av material og løyving av midler til tiltak.

Innstilling fra nasjonalparkforvaltar

På bakgrunn av innsendt søknad med kart og skisse, lovgrunnlag og vurderinger gjer nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

Med heimel i forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 1.3 og punkt 4.3 første og tredje ledd får Bretun Melkevoll v/ Inge Melkevoll løyve til følgjande:

- Oppbygging av bru i Oldeskaret i samsvar med innsendt kart. Det er rom for forsterkning av bru-kara på kvar side med tørrmuring av stein. Steinen skal vere tilpassa landskapet.
- Flyging med helikopter, inntil fem landingar, for å frakte material til gjenoppbygginga av brua i Oldeskaret. Det skal ikkje flygast meir enn absolutt naudsynt, og det skal ikkje flygast i helgar eller på heilagdagar. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen skal varslast i førekant av flyginga. Forvaltningsmyndet skal også ha ein kortfatta rapport i ettertid av flyginga.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyver inntil kr 42 000,- til gjenoppbygginga av brua i Oldeskaret. Midlane vert dekka av budsjettpost 14.27.01 (tiltaksmidlar). Forvaltninga skal ha ein rapport med biletar når tiltaket er ferdig gjennomført.


Saksopplysninger

Dokument i saka

- Søknad med vedlegg frå Melkevoll Bretun v/ Inge Melkevoll datert den 23. april 2012.


Søknaden

Melkevoll Bretun v/ Inge Melkevoll søker om midlar til å sette opp ei bru i Oldeskaret, på den gamle ferdselsvegen mellom Olsedalen i Stryn kommune og Stardalen i Jølster kommune. Den noverande ruta på ferdselsvegen vart lagt i 1935, og det er mange som går denne turen kvart år (sjå kart for lokalisering av bru).



Inge Melkevoll skriv i søknaden at det kan vere store utfordringar med å passere elva på det aktuelle punktet i skaret. Han seier også at mange turgåarar følar seg usikre, og det er vanskeleg å passere elva ved stor vassføring. Tidleg om sommaren går ei bratt snøfonn på ein alternativ trase, men det er heller ikkje tryggare for turgåarane. Etter at snøfonna har smelta er det grov ur ein må klyve forbi.

Søknaden skisserar ein type stokkbru over elva med eit spenn på ca 6 meter. Breidda blir ca 1 meter. Materialane er planlagt å bestå stort sett av kjernefur, men for at bruha skal kunne tåle den harde påkjenninga av metervis med snø om vinteren, bør dei ha to h-bjelker i stål som det bærande elementet på bruha. Stålet er planlagt sandblåst, prima og måla for å ha lenst mogeleg levetid, og søkjar legg også fram forslag om å prøve å skjule bjelken med furuplank på sidene. På den eine langsiden av bruha vil det vere ei enkel stålwire for å støtte seg over (sjå illustrasjon).



Denne ruta er ei av dei fem utvalte gamle ferdselsvegane som nasjonalparkstyret fekk midlar til å planlegge utbetringar av over bestillingsdialogen for 2012.

Grunna varierande vassmengde, spesielt om våren, vil bruha måtte hevast litt i terrenget. Til dette søker Melkevoll om å få transportert stein nede fra Melkevoll Bretun til bru-kara på kvar side av bruha. Dette vil kunne forlenge levetida på bruha med mange år, og gjere den meir haldbar mot flaum.

Dersom Melkevoll får løyve til det omsøkte tiltaket vil han kunne bygge bruha i stor grad på garden nede i Oldedalen. Slik vil det bli lettare å frakte bruha opp til skaret. Det må likevel flygast inn stein til brukara før bruha kan flygast opp. Såleis søker dei om inntil fem landingar (det står fire landingar i budsjettet) med helikopter i nasjonalparken fordelt på to omgangar. Melkevoll vil truleg nytte seg at eit kraftigare helikopter, såleis er flyprisen noko høgare enn for vanleg flyging.

| Budsjett stokkbru m/enkelt rekkverk Oldeskaret | | INKL.MVA. | |
|--|--|------------------|---------------|
| Inntekter | | Debet | Kredit |
| Behov for midlar | | 42700 | |
| Dugnad, muring og snikkararb: 60 timer à kr 350 | | 21000 | |
| Stein, samling og pakking av stein (Melkevoll Maskin) | | 6000 | |
| | | | |
| Utgifter | | | |
| Big-bags: 4 stk | | 400 | |
| Helikopter: 2 ankomst. Maks 4 løft, om lag 20 minutt flytid. | | 25000 | |
| Material: 2 H-bjelkar, 50 meter plank til dekke | | 9300 | |
| Prosjektleiing: Utmarksressurs AS, 5 timer koordinering | | 3000 | |
| Diverse: maling til stål, skruar, wire, boltar | | 5000 | |
| Dugnad, muring og snikkararb: 60 timer à kr 350 | | 21000 | |
| Stein, samling og pakking av stein (Melkevoll Maskin) | | 6000 | |
| | | | |
| | | 69700 | 69700 |

Melkevoll søker Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om midlar til bruha i Oldeskaret på kr 42 700,-

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentleg naturleg tilstand
- å gje hove til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite

- avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

I nasjonalparken er motorferdsel på land og i vatn, også landing med luftfartøy, forbode. Som landing reknast og om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging lavare enn 300 m over bakken er forbode (verneforskrifta si § IV, punkt 4.1). Forvaltningsmyndet kan gje løyve til motorferdsel i samband med transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer (verneforskrifta si § IV, punkt 4.3).

Forskrifta krev at før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsela til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast. Det er også opning i forskrifta for å gje vilkår med ev løyve gitt etter dette punktet.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

Vurdering

Fråvær av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet for dyr, fugl og folk i utmark, og spesielt i en nasjonalpark. Eit av hovudsøremåla med vernet i Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom tradisjonelt friluftsliv. Difor er motorferdsel på land, vatn og i lufta under 300 m frå bakken i utgangspunktet forbode innanfor verneområdet. Det er likevel ei opning i verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdsle i samband med sakar som gjeld frakt av material til klopper og bruar i verneområdet.

Motorferdsla innanfor nasjonalparken må avgrensast til det som er naudsynt, og fordi forvalningsstyresmakta har ansvar for å ha oversikt over den totale mengda motorferdsle i området, er det viktig med rapport i ettertid av ferdsla. Dette vil kunne vere eit vilkår i løyvet.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 om føre-var-prinsippet:

Det er ein del friluftsliv i området, og heile området er klassifisert som regionalt viktig friluftsområde i fylkesdelplanen for arealbruk. Den motoriserte ferdsla bør avgrensast til det som er naudsynt. Det er viktig at friluftslivet kan vere godt tilrettelagt for å unngå ulukker, og den omsøkte bruva vil kunne auke trivselen og tryggleiken til dei ferdande langs denne ferdelsvegen. I forvaltningsplanen er nærområdet til den aktuelle stien karakterisert som brukssone.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Det er tilstrekkeleg kunnskap om området til å vurdere at den omsøkte motorferdsla er innanfor det som er forsvarleg. Det er tilnærma null motorisert ferdsle i området. Den samla belastinga er vurdert som liten. Forvaltningsmyndet skal også få ein rapport i ettertid for å ha ein samla oversikt over motorferdsla i området over tid. Statens naturoppsyn vil også få varsel før flyging.

§ 11 om kostnadane ved miljøferringing skal berast av tiltakshavar:

Den motoriserte ferdsla er ikkje forventa å forringje miljøet meir enn den korte tida helikopteret er i lufta. Det er ekstra kostnadar knytt til å legge stålbjelkar som berande element i brua framfor furu, men levetida vil kunne forlengast signifikan. Brua vil også tåle større vassmengder med oppbygging av brukar enn dersom bruha hadde vore lagt på det eksisterande terrengnivået i Oldeskaret. Såleis inneberer forlenging av levetida til bruha ei auka kostnad på kort sikt, men lågare på lengre sikt.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Det er i løyvet sett vilkår om å minimere den motoriserte ferdsla til det absolutt naudsynte i høve føremålet for frakta av materialar. Driftsmetoden med frakt av material er rekna som den einaste realistiske i det bratte landskapet. Helikopter vil heller ikkje uroe utover tida den er i lufta. Det er også sett vilkår om at det ikkje skal flygast helgar og heilagdagar.

Samla vurdering

Ut frå ei samla vurdering er det omsøkte tiltaket med oppbygging av bruha i Oldeskaret vurdert som eit godt tiltak for friluftslivet og for tryggleiken til dei ferdande i området. Den gamle ferdelsvegen er i forvaltningsplanen klassifisert som brukssone, og kan såleis nyttast til tilrettelegging for vidare ferdsel i nasjonalparken. Sidan ruta ligg inne i eit eksisterande prosjekt i bestillingsdialogen er det rett å løyve midlar til søkjane, og Melkevoll legg også ein god del eigeninnsats i brubygginga. Tiltaket er vurdert som positivt for nasjonalparken.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal vere sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Søkjane må også ha løyve til motorisert ferdslle frå grunneigar, samt få løyve etter motorferdsellova frå Stryn kommune.